



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for næring og kultur

Møtedato: 31.05.2016

Sak nr.: 15/8650-3

Internt l.nr.: 18548/16

Sak: 55/16

Tittel: Regional cruisestrategi for Vestlandet

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020» slik den ligg føre, som ein intensjon for vidare arbeid med cruiseturisme.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at det vert utarbeidd ein handlingsplan for iverksetting av tiltak for å nå måla i strategidokumentet.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg til eit nytt punkt 3:

Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer at ei ordning med fellesgodefinansiering for reiselivsnæringane blir utgreidd på nasjonalt nivå, og at fellesgodefinansiering også gjeld cruiserelatert verksemd. Dette bør innarbeidast i strategiar og handlingsplan og føre til ei felles fråsegn frå vestlandsfylka.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke.

Endringsframlegget frå hovudutvalet til eit nytt punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020» slik den ligg føre, som ein intensjon for vidare arbeid med cruiseturisme.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at det vert utarbeidd ein handlingsplan for iverksetting av tiltak for å nå måla i strategidokumentet.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer at ei ordning med fellesgodefinansiering for reiselivsnæringane blir utgreidd på nasjonalt nivå, og at fellesgodefinansiering også gjeld cruiserelatert verksemd. Dette bør innarbeidast i strategiar og handlingsplan og føre til ei felles fråsegn frå vestlandsfylka.

